



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

KOMMUNEBREVET 2025

nasjonale forventningar til kommunane

**TØFFE TIDER KREV
TØFFE PRIORITERINGAR**



Innhald

Tøffe tider krev tøffe prioriteringar	3
--	----------

Utfordringsbilde	4
-------------------------------	----------

Strammare kommuneøkonomi
Barn og unge si helse, trivsel og meistring
Klimaendring og tap av natur
Stadig fleire eldre i befolkninga
Ikkje nok folk til oppgåvene
Integrering og busetting
Tryggingspolitikken

Nasjonale forventningar til kommunane ...	6
--	----------

Samarbeid og omstilling	6
-------------------------------	---

Strammare kommuneøkonomi	7
--------------------------------	---

Barn og unge	8
--------------------	---

Systematisk arbeid med barn og unge sin psykiske helse
Barnehage og opplæring
Barnevern

Integrering og busetting	10
--------------------------------	----

Gode helse- og omsorgstenester	11
--------------------------------------	----

Eldre skal bu trygt heime lengst mogleg
E-helse og velferdsteknologi – meir berekraftige tenester
Godt samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta
Svar på spørsmål om kvalitet og pasientsikkerheit
Ryddig og riktig saksbehandling
Sosiale tenester
Bustadsosialt arbeid

Ei trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk	14
---	-----------

Karbonlager i naturen
Ta vare på naturmangfald
Jordvern
Klimaomstilling
Sirkulær økonomi
Avløp
Universell utforming
Eit samfunn som inkluderer alle

Berekraftig landbruksforvaltning	17
--	----

Samfunnstryggleik og beredskap	18
--------------------------------------	----

Sentralt tema i samfunns- og arealplanlegginga
Kjenne rolla si i ny tryggingspolitisk situasjon
Vere budd på digitale truslar
Følgje opp funn frå heilskapleg ROS-analyse
Vere budd på å handtere kriser
Etablere kommunale beredskapsråd

Aktuelle tema for kommunane	20
--	-----------



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statsforvaltar
[Else-May Botten](#)

Assisterande statsforvaltar
[Rigmor Brøste](#)

Kontakt;
Telefon: 71 25 84 00
sfmrpost@statsforvalteren.no

Foto på forsida: Shutterstock

Tøffe tider krev tøffe prioriteringar

Dei fleste kommunane i fylket vårt har dårleg økonomi. Samstundes slit så godt som alle med å få nok og kvalifisert arbeidskraft. Det blir også fleire eldre i befolkninga, og færre barn og unge. Dette krev store tilpassingar og omstilling.

Vi er berre i starten av denne omstillinga. Kutt i budsjetta rokkar ved ulike mål, verdiar og tradisjonar – og ved tenestene til innbyggjarane. Velferdssamfunnet vi har vore vane med vil bli endra.

Mange kommunar rapporterer om at forventningane i befolkninga ikkje står i stil med kva kommunen kan levere, i mangel av både pengar og fagfolk.

Tøffe, men kloke avgjerder

Det trengs mot til å ta upopulære, men strategiske avgjerder. Både kommuneøkonomien og tenestene som kommunen gir må bli meir berekraftige. Politikarar over heile fylket må løfte blikket og forstå si tid.

Berekraftige og gode val er ikkje nødvendigvis enkle, men heilt nødvendige.

Samarbeid og førebygging er lønnsamt

Kommunane må sjå seg om etter måtar å få ned kostnader på. Auka samarbeid med andre kommunar kan bidra til dette, og attpåtil gi betre kontinuitet i tenester. Kommunar kan dele på lovpålagt fagkompetanse, for eksempel innan helse og omsorg. Dei kan også ha fellesløysingar på vikarar.

Statsforvaltaren oppmodar kommunane til meir tenestesamarbeid med nærliggjande kommunar. Erfaring viser at det svarar ut lovkrav og kan vere lønnsamt.

Vi oppmodar også til å legge pengar i førebyggjande og berekraftige tiltak. I heile Norge skal kommunane legge til rette for god folkehelse, ivareta barn sitt beste og arbeide for å inkludere alle i samfunnet. Slik skapar vi eit robust samfunn. Det er billigare å førebygge enn å reparere.

Vi ser fram til eit godt samarbeid og god dialog i 2025.

Else-May Botten

Else-May Botten

Om dette brevet

Brevet gir ei oversikt over oppgåver og satsingar i nasjonal politikk, og løfter opp forventningane til kommunane.

Det er skrive til politisk og administrativ leiing i kommunen, og til politiske utval og andre aktuelle medarbeidarar.

Statsforvaltaren si rolle

Statsforvaltaren skal sikre at nasjonal politikk vert gjennomført lokalt i Møre og Romsdal.

Vi får våre oppdrag frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Oppgåvene kan summerast slik:

- Formidle forventningar til kommunane, rettleie og bidra til å iverksette nasjonal politikk på tvers av alle fagområde
- Samordne og medverke til samarbeid og dialog mellom kommunar, statsetatar og regionale aktørar
- Fremje rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskapet, med vekt på likeverd



Foto: Erik Birkeland/Tingh

Utfordringsbilde

Strammare kommuneøkonomi

Økonomien til kommunane i Møre og Romsdal fekk seg ein skikkeleg knekk i 2023. Det er mange årsaker til dette, blant anna høg rente, prisstigning og skattesvikt.

Kommunane våre har investert mykje dei siste åra. Det har bidrege til at fylket vårt har den nest høgaste lånegjelda i landet. Derfor treff høg rente ekstra hardt.

Dei fleste kommunane styrer mot underskot i år. Samtidig har dei heilt, eller delvis, brukt opp sparepengane. Når kontoen er tømt og gjelda høg, må kommunane ta grep som monnar for å få økonomien på rett kjøp.

Barn og unge si helse, trivsel og meistring

Det er for mange barn og unge som ikkje har det bra i fylket vårt. Dei største utfordringane er utanforskap og einsemd, sosial ulikskap, det å bu i ein heim med vedvarande låginntekt, psykososialt skolemiljø og ufrivillig skolefråvær.

Ungdommar droppar ut av skole og arbeidsliv. Dei er sårt tiltrengt i samfunnet vårt. Situasjonen kostar både menneske og samfunnet dyrt. Kommunane har ei nøkkelrolle i arbeidet med å sikre barn sine rettar og barnets beste. Dei må legge gode rammer for helse, trivsel og meistring.

Klimaendring og tap av natur

Vi merker hyppigare ekstremvêr og ser kor sårbar naturen er. Stadige skred, flaumar og mindre aktive fuglefjell er eksempel.

Arbeidet med å redusere klimagassutsleppa og for å tilpasse oss eit nytt klima, må ha kommunane sin høgste prioritet.

Vi må bevare urørt natur, og område som har evne til å binde opp klimagassar, for eksempel myr og skog. Kommunane må vere med å sikre at ikkje meir natur, artar og økosystem lir, men heller vert restaurert.

Stadig fleire eldre i befolkninga

Eldre utgjør ein stadig større del av befolkninga. Befolkningsframskrivingar viser at alle andre aldersgrupper vil ha søkkande tal fram mot 2100.

Dette skapar utfordringar for heile samfunnet. Det blir færre personar i arbeidsfør alder. Struktur og økonomi i tenester til barn og eldre må bli justert etter situasjonen. Særleg veks kommunen sine utgifter til pleie og omsorg.

I nokre kommunar er forholdet mellom den yrkesaktive befolkninga og den eldre delen, aldersbereevna, svært låg. I desse



Øvste foto: Montasje /
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Nest øvste: Scanstockphoto
Nest nedst: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Nedste foto: Shutterstock

kommunane bør omstillinga for å møte dei demografiske endringane ha kome langt.

Kommunane må investere i førebyggjande arbeid, som gjer at folk kan holde seg friske og i arbeid lengst mogleg.

Ikkje nok folk til oppgåvene

Mange kommunar slit allereie i dag med å rekruttere folk og få tak i rett kompetanse. Dette gjeld på alle område.

Samarbeid med andre kommunar kan vere til hjelp. Kommunar kan dele på lovpålagt fagkompetanse, for eksempel innan helse og omsorg. Dei kan også ha fellesløysingar på vikarar.

Kommunane må møte denne utfordringa med heilskapleg, langsiktig og strategisk planlegging. Dei må også vere opne for å ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. Innan fleire fagfelt føregår det kompetanseløft, som vi forventar at kommunane følger.

Integrering og busetting

Kommunane buset mange flyktningar. Fleire kommunar slit med å finne bustadar nok, og finn det krevjande å få flyktningane ut i arbeid. Kostnadane til sosiale tenester har hatt ei kraftig auke i fleire kommunar. Integreringsarbeid som gir flyktningane språkopplæring, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjonar og tilknytning til arbeidslivet er nøkkelen for å lykkast. Kommune, fylkeskommune, Nav og lokale arbeidsgivarar må samarbeide for å nå målet.

Tryggingspolitikken

Norge står overfor eit uvisst og samansett utfordringsbilete. Den tryggingspolitiske situasjonen er endra. Kommunane må vere budd på hendingar i øvre krisespekter, og vere merksame på samansette truslar. Kommunale beredskapsråd vil kunne styrke det lokale totalforsvaret.



Samarbeid og omstilling

Kommunane skal

- ha FNs berekraftsmål som utgangspunkt i alt kommunen gjer.
- ha nasjonale forventningar som utgangspunkt for eiga planlegging.



For å nå berekraftsmåla og for å møte samfunnsutfordringane må kommunane gjennom ei omstilling som sikrar ei heilskapleg og berekraftig utvikling.

Utfordringane vi skisserte på dei to førre sidene, gjer at mange kommunar no tar grep.

Helse- og omsorgstenester kostar kommunane mest. Ei eldre befolkning vil ha eit høgare behov for omsorgstenester. Helsearbeidarane i landet vil ikkje kunne dekke behovet. Dyre vikarar er ikkje svaret i ein allereie pressa økonomi.

Å samle omsorgstenestene på få stader i kommunen kan vere positivt for økonomien, og kan også gi betre tenester. Bruk av ny teknologi kan også bidra positivt.

Samstundes må vi arbeide for god folkehelse, for barnets beste og for å inkludere alle i samfunnet. Vi må bygge trivsel og meistring. Vi treng alle folk som kan bidra!

Barn og ungdom skal bere samfunnet i framtida. Vi har ikkje råd, verken økonomisk eller sosialt, til at dei ikkje har det bra, fell utanfor og ikkje klarar å gjennomføre skole og utdanning.

Samarbeid for å nå måla!

Komplekse utfordringar, mange oppgåver og mangel på ressursar er krevjande for kommunane. Lover og nasjonale forventningar krev at dei leverer tenester og tilbod som dekkjer innbyggjarane sine behov.

Samarbeid med faste nabokommunar om både administrasjon og tenester kan svare ut lovkrav, gi tilgang på kompetanse og ressursar og også vere lønnsamt.

Kommuneplanen som verktøy i omstillinga

Kommuneplanen er eit nyttig verktøy for å styre kommunen i omstillinga. Ei god kopling og koordinering mellom samfunnsdelen og kommunens økonomiarbeid blir viktig. For å få til dette kan økonomiplanen inngå i, eller utgjere, planens handlingsdel.



FNs berekraftsmål

Måla er verdas felles arbeidsplan for å sikre ei god framtid for alle, både menneske, dyr og natur. Norge har forpliktet seg til å jobbe aktivt for å nå berekraftsmåla innan 2030.

Berekraftsmåla legg føringar for både nasjonal politikk og samfunnsutviklinga i Norge.

Nasjonale forventningar

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 - regjeringa.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-2023-2027) skal bli følgde opp i arbeidet med planstrategiar og kommunale planar.



Kommunestyret sitt ansvar for planlegging

Kommunestyret har eit overordna ansvar for kommunen si planlegging, og skal:

- vedta og følge opp planstrategien
- vurdere behovet for å revidere kommuneplanens samfunnsdel
- følge opp kommuneplanens handlingsdel

Strammare kommuneøkonomi

Kommunane i Møre og Romsdal er blant dei med høgast lånegjeld i landet, disposisjonsfonda er mindre og netto driftsresultat lågare enn landssnittet. Vi ser at det er behov for ei stram økonomistyring i året som kjem. Sjølv då kjem sannsynlegvis fleire kommunar på ROBEK.

Tøffe prioriteringar

Kommunane må tilpasse verksemda for å få balanse mellom kostnader og inntekter.

Stramme økonomiske rammer krev tøffe prioriteringar.

I 2023 hadde

- 20 kommunar eit netto driftsresultat under det tilrådde nivået på 1,75 prosent av brutto driftsinntekt.
- fire kommunar tomme disposisjonsfond, og fleire kommunar svært lite pengar på bok.
- 16 kommunar lånegjeld som ligg over snittet i landet.

Det er store variasjonar mellom kommunane i fylket, men fleirtalet kjem dårlegare ut på nøkkeltala ovanfor enn året før.

Kommunestyra skal ivareta den økonomiske handleevna over tid, og ikkje ta vesentleg finansiell risiko. Kvar kommune må vurdere kva dei kan tole, ut frå disposisjonsfond og netto driftsresultat. Kommunestyret må prioritere mellom oppgåver. Dei må trygge sine verdiar, investere og planlegge eigen aktivitet på kort og lang sikt innanfor sin økonomiske kapasitet.

Realistiske budsjett

Kommunane må styre etter realistiske budsjett.

Det krev evne og vilje til å følge budsjett og økonomiplan tett opp. Kommunane må ha god kontroll og gode rapporteringsrutinar. Dei må sette inn mottiltak med ein gong det oppstår meirforbruk i løpet av året, slik at problema ikkje veks seg større.

ROBEK

Kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse kjem på ROBEK-registeret, og er underlagt statleg kontroll.

Talet på ROBEK-kommunar aukar på landsbasis. I desember 2024 var det 23 kommunar på ROBEK. To av desse ligg i Møre og Romsdal. Vi ventar at talet vil auke.

Statsforvaltaren vil ta kontakt med dei kommunane som er i faresona for ROBEK etter at årsrekneskapen er lagt fram.

Effektivisering og omstilling

Gjennom kontinuerleg læring og tilpassing kan kommunane sikre at tenestene møter dagens lovkrav, og samtidig er rusta for framtidens utfordringar. Omstilt drift og stram styring av økonomien er nødvendig for å lukkast.

Tenestesamarbeid med nærliggande kommunar bør også bli vurdert.



Foto: Shutterstock

Barn, unge og folkehelse inn i budsjetta

Det kostar mindre å førebygge enn å reparere.

Å satse på barn og unge sin trivsel og meistring, og på tilbod som er gode for folk si helse, vil gi gevinst i kommunebudsjetta på sikt.



Barn og unge



Kommunane skal

- styrke tidleg innsats og fremje gode oppvekstvilkår.
- førebygge at barn og unge vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem, utanforskap, skolefråvær og sosiale eller psykiske utfordringar.
- la rettane i barnekonvensjonen og barnets beste vere gjennomgåande i alt sitt virke.

Dette krev tverrfaglege og samordna arbeidsmåtar som fungerer i heile kommunen sin oppvekstsektor. Først og fremst er dette ei investering i innbyggjarane si velferd, som også kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

Sjå Barneombudet sitt e-læringskurs om [vurderingar om barns rettar](https://barneombudet.no/vurderingar-om-barns-rettar) - barneombudet.no.

Systematisk arbeid med barn og unge sin psykiske helse

Kommunane bør jobbe systematisk for å møte utfordringane i barn og unge sin psykiske helse.

Kommunane skal:

- sette av nok ressursar til folkehelsearbeid. Arbeidet må gå som ein tydeleg raud tråd på tvers av fag og sektorar, og vere forankra i kommuneleiinga.
- gi tverrfagleg og samordna hjelp til barn og unge som har psykiske plager, begynnande rusmiddelproblem og som er utsett for belastande livshendingar. Kommunane må nytte Helsedirektoratet sin rettleiar [Tverrsektoriell veileder psykisk helse barn og unge](https://helsedirektoratet.no/tverrsektoriell-veileder-psykisk-helse-barn-og-unge) - [helse-direktoratet.no](https://helsedirektoratet.no).

Kommunane i fylket har stort fokus på barn og unges psykiske helse, men våre tilsyn viser at det er nokre manglar i det systematiske arbeidet.

Dei største utfordringane er utanforskap og einsemd, sosial ulikskap, det å bu i ein heim med vedvarande låginntekt, krevjande psykososialt skolemiljø og ufrivillig skolefråvær. Dei fleste kommunane har mål og strategiar i planane sine som er eigna til å møte utfordringane, og har gjort tiltak etter desse. Samstundes bygger ikkje alle tiltak på ei oppdatert oversikt over utfordringar, og ikkje alle tiltak blir evaluert.



Foto: Shutterstock



Barn og unge sine interesser må inn i alle planar

[Rikspolitiske retningslinjer - lovdata.no](https://lovdata.no) er laga for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga.

Rettleiaren [Barn og unge i plan og byggesak - regjeringa.no](https://regjeringa.no/barn-og-unge-i-plan-og-byggesak) må bli brukt for å vareta oppvekstvilkåra deira.

Barnehage og opplæring



Ulike roller overfor barnehagar

Kommunane skal

- vite kva oppgåver og ansvar som er knytt til dei ulike rollene som barnehageeigar og barnehagemyndigheit.
- ivareta ansvar og oppgåver i barnehagelova, og likebehandle private og kommunale barnehagar.

Særlege fokusområde

Kommunane skal prioritere arbeid med skole- og barnehagemiljø, spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagt opplæring.

Nulltoleranse for krenking og mobbing

Kommunane skal ha nulltoleranse for krenkingar i skole og barnehage.

Mobbing og fråvær har auka dei siste åra. Alle tilsette må gripe inn mot alle krenkingssituasjonar. Skoleiegar har plikt til å jobbe førebyggjande og systematisk for å trygge leike- og læringsmiljø. Skulane skal følge opp fråvær hos elevlar frå første dag.

Vi oppmodar kommunen til å gjennomføre kompetansehevende tiltak knytt til psykososialt barnehage- og skolemiljø. Kompetansepakkar og andre ressursar på udir.no bør bli nytta aktivt i utviklingsarbeidet.

Rammeplan for SFO

Kommunane skal bruke rammeplan for skolefritidsordninga (SFO), og slik bidra til eit godt og likeverdig tilbod for alle.

Eksamen, vurdering og planverk i skolen

Kommunane og fylkeskommunen skal

- ha eit system for å sikre at eksamen, obligatoriske prøver og undersøkingar blir gjennomført i tråd med regelverket.
- sørge for at skolane behandlar klage på sluttvurderingar i tråd med ny opplæringsforskrift.
- sørge for at skolar og lærebedrifter etterlever læreplanverket.



Barn og unge skal medverke

Barn og unge skal bli sett, høyrte og møtt. Høyr kva dei vil seie om helse, tilbod til aktivitetar, utanforskap, skole og oppvekst.

Korleis barn og unge har det i lokalsamfunnet er grunnleggjande for deira utvikling og for korleis dei vert knytt til samfunnet.

Kompetansetiltak

[Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis - udir.no](http://udir.no) set tiltak i eit tverrsektorielt perspektiv. PP-tenesta og andre relevante støttetenester er inkluderte.

Kommunane og fylkeskommunen blir viktige når nytt system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole skal bli sett i verk. Systemet kjem truleg i 2026.

Endringar i møte med skolemiljøsaker

Ny opplæringslov gir skolen/skoleeigar eit større ansvar for å finne dei tiltaka som kan gi eleven eit trygt og godt skolemiljø. Det er svært viktig at eleven og foreldra får medverke i å finne eigna tiltak, og i å evaluere effekten av tiltaka.

Statsforvaltaren skal no berre vurdere om skolen har sett inn dei tiltaka som innanfor rimelege grenser kan forventast, og om det er laga ein skriftleg plan for tiltaka. Om dette ikkje er gjort, vil vi som hovudregel pålegge skolen/skoleeigar å rette forholdet.

Barnevern

Barnevernsreforma skal vere med å styrke kommunen på tidleg innsats, førebygging og tverrfagleg arbeid.

Kommunane skal

- *ta i bruk det nasjonale forløpet [Barnevern – kartlegging og utredning av psykisk, somatisk og seksuell helse, tannhelse og rus - Helsedirektoratet.no](#). Dette skal bidra til at barn i barnevernet blir kartlagt og utreda ved behov, slik at dei får nødvendig helsehjelp.*
- *arbeide for å gjenforeine barn og foreldre etter omsorgsovertaking der det er mogleg.*

Det er den øvste politiske og administrative leiinga i kommunen som har ansvaret for at kommunen oppfyller sine lovpålagte plikter. Kvart år skal ein tilstandsrapport bli lagt fram for kommune- styra og bli sendt til Statsforvaltaren.

Kompetanse

Kommunane skal utvikle kompetanse ved systematisk arbeid i læringsnettverk og leiarnettverk i tråd med forventa innsatsområde.

[Kompetansesatsinga frå regjeringa - bufdir.no](#) er vidareført og kommunen må legge til rette for å oppfylle [kompetansekrava i barnevernslova - lovdata.no](#).

Fosterheim

Kommunane skal som hovudregel rekruttere fosterheimar i barnet sin familie og nære nettverk.

Det heilskaplege ansvaret for rettleiing og oppfølging av fosterheimar ligg hos kommunane. Det er eit stort behov for nye fosterheimar. For å rekruttere og behalde desse er god oppfølging viktig.

Integrering og busetting

Vi oppfordrar kommunane til å fatte vedtak om busetting i tråd med anmodning frå IMDi.

Kommunane skal

- *tilby introduksjonsprogram og opplæring som er fleksibel og retta mot arbeid.*
- *ha fokus både på kortsiktige og langsiktige mål for kvalifisering og overgang til arbeid.*
- *arbeide for god samordning både mellom kommunar, fylkeskommunen, NAV og med arbeidsgivar i lokalsamfunnet.*

Alle kommunar, inkludert fylkeskommunen, må ha god kunnskap om integreringslova med tilhøyrande forskrifter. Det kjem ein ny juridisk rettleiar i 2025. Skoleeigar har også ansvar for å vurdere vaksne sin realkompetanse.



Foto: Shutterstock

Gode helse- og omsorgstenester

Kommunane har ansvaret for å gi helse-, sosial- og omsorgstenester som er tilpassa den enkelte innbyggjar sine behov.

Eldre skal bu trygt heime lengst mogleg

Kommunane skal arbeide på tvers av fag og sektorar for at eldre skal kunne bu i eigen bustad lengst mogleg.

Reforma «Bu trygt heime» samlar innsats og verkemiddel på tvers av samfunnssektorar og departement. Dette vil også være nødvendig regionalt og lokalt.

Grunnlaget for god helse blir først og fremst lagt utanfor helse- og omsorgssektoren. God areal- og samfunnsplanlegging er ein føresetnad både for å legge til rette for god folkehelse og for eit godt bu- og tenestetilbod.

E-helse og velferdsteknologi - meir berekraftige tenester

Kommunane bør bruke digitale løysingar, mellom anna velferdsteknologi, for å skape berekraftige helse- og omsorgstenester.

Godt samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenesta

Kommunane skal vere med å sikre eit godt samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Dette er avgjerande for å sikre eit heilskapleg og saumlaust pasientforløp. Særleg ved overgangar mellom dei to nivåa er tett samarbeid og god kommunikasjon essensielt for å ivareta pasientane sine behov på best mogleg måte.

Vi oppmodar alle aktørar til å engasjere seg aktivt i helsefellesskapa. Desse er eit viktig verktøy i samarbeidet. Dei legg til rette for å finne gode, lokalt tilpassa løysingar som er smidige og trygge, og som gagnar pasientane.



Foto: Fra Meld.St. 24 (2022-2023)

Fokus i arbeidet med reforma "Bu trygt heime"

I 2025 vil Statsforvaltaren i Møre og Romsdal samarbeide med kommunar og andre aktuelle eksterne aktørar om desse to hovudområda i reforma:

Levande lokalsamfunn

Universell utforming av stader, bygningar, uteareal og transporttilbod er her ein sentral føresetnad. Lokalsamfunna skal legge til rette for at alle innbyggjarar, uavhengig av funksjon, kan vere aktive og delta i samfunnet og for at det blir møte mellom generasjonar. Kulturopplevingar, tilgang til naturområde og eit godt fysisk og sosialt inkluderande nærmiljø er viktig, og støtter opp om gode liv, helse og livskvalitet gjennom heile livsløpet.

Tilpassa bustader og godt planlagde areal

Det vil vere behov for ein variasjon av buformer og bustadtypar for at eldre skal kunne bu trygt heime. Det krev langsiktig, heilskapleg og tverrfagleg samfunns- og arealplanlegging.



Foto: Eva Brænd, Norsk farmasihistorisk museum

Svar på spørsmål om kvalitet og pasientsikkerheit

Kommunane har plikt til å svare på førespurnadar frå pasientar/brukarar og pårørande om kvalitet og pasientsikkerheit.

Denne plikta sikrar at dei som spør får ei direkte tilbakemelding på spørsmål eller bekymringar knytt til kvaliteten eller tryggleiken til tenestene som blir levert.

Kommunen skal legge til rette for ein open dialog og gi svar som bidreg til å klarlegge situasjonen. Dette er for å oppretthalde tillit hos innbyggjarane, og for å sikre kontinuerleg forbetring av helse- og omsorgstenestene.

Ryddig og riktig saksbehandling

Kommunane skal ha god kjennskap til forvaltningslova og særlover, slik at dei kan gje gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

I ein del tilfelle ser vi at kommunane ikkje følger grunnleggjande saksbehandlingsreglar. Dette kan gå ut over tilliten til forvaltninga.

For å kunne yte forsvarlege helse- og omsorgstenester er det viktig at kommunane

- sikrar medverknad frå pasient/brukar og pårørande før vedtak vert fatta. Medverknad kan gje pasient/brukar større grad av kontroll over det som skjer i eige liv, betre tilpassa og utforma tenester og mindre bruk av tvang.
- gjer gode og grundige vurderingar som tar omsyn til samtykkekompetanse, og gjer reie for kva betydning dette har i saka.

Dess meir inngripande eit vedtak er, dess større krav vert stilt til saksutgreiinga og kor godt vedtaket er grunngitt. Gode og grundige vurderingar vil sette partane i stand til å forstå vedtaket og kva omsyn som ligg bak avgjerda. Det er også viktig at moglegheit og frist for å klage står i vedtaket.

Dersom det kjem inn klage i saka, skal kommunen først ta stilling til denne. Står kommunen heilt eller delvis ved sitt vedtak, skal saka sendast inn til klageinstansen for endeleg avgjerd.

Dersom det er saksbehandlingsfeil ved vedtaket, kan det føre til at vedtaket blir vurdert ugyldig av klageinstansen.

Informer innbyggjarane om at tenestene skal henge saman

Vi oppfordrar kommunane til å oppdatere sine nettsider med informasjon om heilskapleg innsatstrapp, koordinerande eining og familiane sine moglegheiter til å få tildelt barnekoordinator.



Sosiale tenester

Det er økonomisk krevjande tider for mange, og barnefamiljar er særleg utsett.

Vi forventar at kommunane

- *har Nav med i ulike tverrfaglege samanhengar som ein viktig del av velferdstenestene.*
- *gir opplysning, råd og rettleiing etter sosialtenestelova*
- *førebygger gjeldsproblem.*
- *har fokus på barnets beste og aktivt nyttar [rettleiaren frå Arbeids- og velferdsdirektoratet \(nav.no\)](#).*
- *arbeider for å få alle som kan ut i arbeidsliv og skolegang.*
- *gjev dei som fyller kriteria for kvalifiseringsprogrammet moglegheit til å delta.*

Brevet "Nasjonale mål og hovedprioriteringer for de sosiale tjenestene i NAV i 2025" kjem frå Arbeids- og velferdsdirektoratet på nyåret. Kommunane må lese dette, og ta det i bruk.

Bustadsosialt arbeid

Kommunane skal førebygge bustadsosiale utfordringar og gi vanskelegstilte på bustadmarknaden bistand til å skaffe seg, og behalde, eigna bustad.

Vurderinga må gjerast som eit enkeltvedtak som Statsforvaltaren kan overprøve ved eventuelle klager.

Kommunen skal ha ei oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden innan 1. juli 2027.



Foto: Shutterstock



Foto: Shutterstock

Folkehelse i kommunen sitt arbeid

Kommunen må jobbe tverrfagleg, og tenke helse i alt arbeid.

Kultur, aktivitet og friluftsliv
Rik tilgang på natur, kultur og friluftsliv bygger opp om god helse og verkar førebyggjande. Dette kan kommunen legge til rette for.

Folkehelseoversikt
Kommunane skal utarbeide ei folkehelseoversikt, sjå folkehelselova § 5. Dokumentet skal identifisere utfordringar og ressursar. Det skal og innehalde faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar. Kommunen skal vere spesielt merksam på trekk i utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem, eller sosiale helseforskjellar.

Eit aldersvennleg samfunn
Eit aldersvennleg samfunn er avgjerande i møte med demografiutfordringane, og kjem alle innbyggjarar til gode. Bygningar og samfunnstilbod skal vere utforma slik at dei er tilgjengelege for alle. Samordning av bustadsutvikling og god tilgang på tenestetilbod vil også vere avgjerande for å lukkast.

Berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk

Karbonlager i naturen

Vi forventar at kommunane ikkje bygger ut areal med store karbonlager som skog og myr.

Ubygde areal kan innehalde store lager av karbon. Å bygge ut slike areal vil redusere potensielt framtidig opptak av klimagassen CO₂ og kan føre til store klimagassutslepp. Det gjeld særleg i skog med høg produksjonsevne eller i djup myr, men kan også gjelde beite og dyrka mark.

Ta vare på naturmangfald

Vi forventar at kommunane

- *sett seg mål for å redusere nedbygging.*
- *lagar kommunedelplan for naturmangfald.*
- *planlegg areala som grensar til verneområda godt.*

Endringar i areal er det som påverkar naturmangfaldet mest. God og langsiktig arealforvaltning er derfor nødvendig for å ta vare på mangfaldet. Kommunane har ei nøkkelrolle her, og kan bidra til å stanse tapet av natur.

Ein kommunedelplan for naturmangfald set naturen på den lokalpolitiske dagsordenen. Her kan kommunen sikre medverknad i arbeidet med å velje ut viktige lokale naturområde. Plana gir oversikt og hjelp til å prioritere arealbruk og tiltak.

Verneområda tek vare på sårbare og trua naturtypar, biologisk mangfald, stads- og regiontypiske naturområde og område med internasjonale og nasjonale verneverdiar. Vern av naturområde sikrar naturmangfald på lang sikt. God planlegging av areal som grensar til verneområda bidreg også til å støtte og sikre verneverdiane.

Jordvern

Vi forventar at kommunane fører ein streng jordvern-politikk.

Dyrka jord er nøkkelen til lokal matproduksjon, nasjonal sjølvforsyning og matsikkerheit. Dyrka jord representerer også viktige landskapsverdiar. Den nasjonale jordvernstrategien seier at ikkje meir enn 2000 dekar jord kan bli omdisponert per år, innan 2030.



Foto: Øivind Leren

Tilskot for å ta vare på naturmangfald

Sjå også: [Naturesats - Tilskot til kommunane sitt arbeid med å ta vare på naturmangfald - miljødirektoratet.no.](#)

Denne tilskotsordninga blir endra i 2025.

Ordningane «Tilskot for å ivareta naturmangfald i kommuneplanlegginga» og «Naturesats – tilskot til lokale tiltak» blir no samla.

Naturesats skal bidra til å redusere tap av natur i arealplanlegginga og styrke kommunane sitt arbeid med naturmangfald.

Kommunane kan søke om tilskot til å utarbeide ei kommuneplan for naturmangfald, til planvask av eldre arealplanar og til andre lokale tiltak for å ivareta naturmangfald.



Foto: Shutterstock

Følg arealplana!

Ved å fortette, og ved å betre utnytte areala som allereie er bygd ut, reduserer kommunane behovet for å omdisponere dyrka jord og å ta i bruk urørt natur.

Klimaomstilling

Vi forventar at kommunane

- *prioriterer arbeidet med klimatilpassing og å redusere klimagassutsleppa.*
- *nyttar alle innkjøp til å stimulere marknaden til sirkulærøkonomi og klimaomstilling.*
- *innfører klimabudsjett eller anna styringsverktøy for å få gjennomført konkrete klimatiltak.*

I Møre og Romsdal har vi no kutta utsleppa med sju prosent sidan 2009. Omstillingsarbeidet må bli intensivert og integrert i alt arbeid i kommunen gjer.

Å etablere klimaleiing, klimabudsjett og ha klimakonsekvensar som fast punkt i saksframlegg er nokre måtar å arbeide med klimaomstilling på.

Sjå: [Hjelpemiddel til klimaarbeid i kommunane | Statsforvalteren i Møre og Romsdal \(statsforvalteren.no\).](#)

Sirkulær økonomi

Vi forventar at kommunane


- *legg vekt på omstilling til sirkulær økonomi gjennom sine innkjøp.*
- *følgjer krava til utsortering av avfall i alle sine verksemdar.*

Kommunesektoren er ei viktig drivkraft i omstillinga til ein sirkulær økonomi og har stor påverknadskraft. Gjennom innovative innkjøp og god dialog med næringane kan kommunane bygge opp ein marknad for reparasjon, redesign og gjenbruk.

For å klare dette, må alle som skal gjere innkjøp ha kompetanse til å tenke sirkulært i startfasen av innkjøpet. DFØ har rettleiar og verktøy om temaet: [Sirkulære anskaffelser - dfø.no](#).

Frå 2023 vart det innført krav til å sortere mat-, plast, park- og hageavfall.

Frå 1. januar 2025 er kravet utvida til å gjelde også glas- og metallemballasje, papp-, papir- og tekstilavfall. Det er kommunen som skal sørge for at sorteringa kjem på plass i heile kommunen. Det er viktig at kommunen sjølv fører an som eit godt eksempel og følger krava til å sortere i eiga verksemd, ved alle skolar, barnehagar, sjukeheimar, kantiner, kontor og så vidare. [Utsortering og materialgjenvinning av avfall fra husholdningene \(veileder for kommuner\) - miljødirektoratet.no](#)



Framtida vår

Vi merkar allereie endringane i klimaet. Vi har auka ekstremvær og natur blir borte. For å sikre ei trygg framtid som barn og unge skal vekse inn i, må klimaomstilling vere prioritert i kommunane.

[Klimaprofil Møre og Romsdal - klimaservicesenter.no](#)

skal vere utgangspunktet for kommunane sitt arbeid på området.



Skjerpa krav i TEK

Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK) er skjerpa for klima, miljø og energi.

Vi forventar at kommunane sikrar at alle krav til å rapportere avfallshandtering er lagt ved søknad om ferdigattest i byggesaker:

- *rapport om planlagt og faktisk handtering av avfall*
- *kartlegging av farleg avfall og miljøsaneringsrapport*
- *ombruksrapport*

Vi forventar at kommunane gjer ein ekstra innsats for å fremje ombruk i eigne byggeprosjekt.

Avløp

Kommunane må førebu seg på nye krav til reinsing av kommunalt avløpsvatn.

EUs avløpsdirektiv viser at det er behov for betre reinsing av kommunalt avløpsvatn. Det reviderte direktivet vil truleg krevje at alle kommunane i fylket må investere i reinseanlegga sine.

Universell utforming

Vi forventar at kommunane sikrar universell utforming i planlegging og i byggesaksbehandlinga.

I Norge skal vi utforme og legge til rette samfunnet på ein slik måte at flest mogleg kan delta, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel. Når bygningar og andre tiltak følger denne standarden, er det ei god løysing for heile samfunnet.

Kommunen skal, etter plan- og bygningslova, sikre universell utforming både i planleggingsarbeid og i kvart enkelt byggetiltak. Då sikrar kommunen også at utdanning, arbeid, helse og omsorg, kultur og fritid vert tilgjengeleg for alle, i tråd med berekraftsmåla.

Omsynet til universell utforming må også, i tråd med lova, bli vurdert og vektlagt i dispensasjonsaker. Dispensasjonens verknader for helse, miljø, sikkerheit og tilgjengelegheit skal ha særleg vekt.



Framleis potensial

Dei siste åra har Norge særleg hatt utfordringar med å nå desse fire berekraftsmåla:

- Utrydde svolt, mål 2
- Ansvarleg forbruk og produksjon, mål 12
- Stoppe klimaendringane, mål 13
- Livet på land, mål 15



Natur gir helse

Naturen er heilt nødvendig for oss menneske. Den gir mat, oksygen og rekreasjon. Naturen bør derfor vere tilgjengeleg for alle. Opplevingar i naturen er gratis og førebyggjande. Barn og unge, og folk i alle aldre, vil kunne ha glede av moglegheit til å kunne dyrke jord og få vere med på aktivitetar i skog og mark.

Eit samfunn som inkluderer alle

Kommunane skal bidra til at folk ikkje blir diskriminert grunna funksjonsevne.

Norge har forplikta seg til å følge FNs konvensjon for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD). Konvensjonen skal sikre at personar med funksjonsnedsetting får oppfylt sine menneskerettar, og ikkje blir diskriminert.

Kommunane skal sikre trygge og inkluderande samfunn for alle. Heile kommuneorganisasjonen må vere kjent med kva CRPD er og ta omsyn til konvensjonen i sitt virke.

Statsforvaltaren tilbyr rettleiing til kommunane om CRPD-konvensjonen.




Foto: Shutterstock

Berekraftig landbruksforvaltning



Kommunane har eit viktig forvaltaransvar for fleire tilskotsordningar, særlover og arealbruk som har stor betydning for landbruket.

Kommunane skal

- *ha ei operativ og robust landbruksforvaltning.*
- *prioritere effektiv og god tilskotsforvaltning gjennom å:*
 - *formidle informasjon om tilskota og behandle søknader.*
 - *ha rutinar som sikrar at rett utbetalingsbeløp når ut til dei som skal ha tilskot.*
- *kontrollere at skogeigarane plantar ny skog seinast tre år etter hogst.*

Gode kontrollrutinar skal sikre at brot på regelverket vert avdekt og følgt opp, slik at samfunnet og landbruksnæringa har tillit til tilskotsforvaltninga.

Vi vil oppfordre kommunane til å vurdere samarbeid eller interkommunale løysingar for å få ei meir robust landbruksforvaltning.



Foto: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane er fundamentet i den nasjonale beredskapen. Dei har eit omfattande ansvar for å førebygge og handtere kriser.

Sentralt tema i samfunns- og arealplanlegginga

Kommunane skal bidra til å løyse utfordringar innanfor samfunnstryggleik og beredskap gjennom god samfunns- og arealplanlegging.

Kommunane må planlegge for ein ny tryggingspolitisk situasjon. Raske klimaendringar og tap av natur er også alvorlege truslar som krev eit godt planverk. Grunnlaget for planane må vere ein heilskapleg ROS-analyse som inneheld langsiktige mål, strategiar og prioriterte tiltak.

Kjenne rolla si i ny tryggingspolitisk situasjon

Kommunane må kjenne eiga rolle, ansvar, mynde og samfunnsoppdrag i totalforsvaret.

Norge står overfor eit uvisst og samansett utfordringsbilette. Den tryggingspolitiske situasjonen er endra. Dette får konsekvensar for alle beredskapsaktørar. Forsvaret og sivilsamfunnet er avhengig av kvarandre, og det sivil-militære samarbeidet vert stadig viktigare.

Vi rår kommunane til å:

- styrke samarbeidet med lokale aktørar i totalforsvaret, for eksempel gjennom kommunale beredskapsråd.
- ha oppdaterte heilskaplege ROS-analysar som inkluderer hendingar i øvre krisespekter.
- ha oppdaterte beredskapsplanar som følger opp ROS-analysane og inkluderer helseberedskap og sivil-militært samvirke i planar der det er aktuelt.
- førebu systematisk kompetanseheving innan tryggleik og beredskap i helse- og omsorgssektoren. Dette vil bli følgt opp av sentrale mynde.
- rapportere til Statsforvaltaren om dei mistenker hendingar som kan vere samansette truslar.

Vere budd på digitale truslar

Kommunane bør vere kjent med Nasjonal tryggingssmynde (NSM) sine årlege rapportar og sjå eige tryggingarbeid i ein større samanheng.

Krig i Europa skapar uvisse, og gjer framtida vanskeleg å føresjå. Uvisse vert ytterlegare forsterka av ein rask og omfattande teknologisk utvikling. Cyberangrep har blitt kvardagskost.

Kommunar må gjere det dei kan for å forhindre, avdekke og handtere hendingar når dei oppstår. Ein viktig del av dette arbeidet er å kartlegge kommunen sine verdiar og å etablere god situasjonsforståing for å styrke vernet av kommunen og nasjonal tryggleik gjennom heile krisespekteret.

Klimaprofil Møre og Romsdal

Klimaprofil Møre og Romsdal gjev eit kunnskapsgrunnlag og hjelpemiddel som kan nyttast i ROS-analysar.

Her i fylket vil klimaendringane særleg føre til behov for å kunne møte kraftig nedbør og auka problem med overvatn; endringar i flaumforhold og flaumstorleikar; jordskred og flaumskred, samt havnivåstiging og stormflod.



Foto: Shutterstock

Samansette truslar

Samansette truslar er situasjonar der ein aktør brukar eit spekter av verkemidlar for å påverke oss. Verkemidlane kan nyttast kvar for seg eller bli sett saman og koordinert slik at dei forsterkar kvarandre. Målet kan vere å uroe samfunnet.

Følge opp funn frå heilskapleg ROS-analyse

Alle kommunar skal ha ein plan for å følge opp arbeidet med samfunnstryggleik.

Kommunen lagar planen på bakgrunn av heilskapleg ROS-analyse, og oppfølgingsplanen bør innehalde langsiktige mål, strategiar og prioriterte tiltak.

Vi rår kommunane til å integrere aktuelle tiltak innanfor samfunnstryggleiksarbeidet i planar og prosessar etter plan- og bygningslova. Dette gjeld spesielt å integrere tiltaka i dei overordna styringsdokumenta til kommunen.

Vere budd på å handtere kriser

Kommunane må vere budd på å handtere hendingar som spenner frå det heilt lokale med avgrensa omfang til større kriser med nasjonalt omfang.

Kommunane må planlegge for å handtere langvarige kriser og moglege samtidige hendingar. Kommunane bør vurdere om det er føremålstenleg å etablere interkommunale samarbeidsavtarar for støtte i kriser. Dei siste åra har kommunane stått overfor kriser som har utfordra kapasiteten lokalt, som pandemi og flyktningkrise. I tillegg må kommunane bu seg på å handtere fleire og meir ekstreme naturhendingar i tida framover.

Etablere kommunale beredskapsråd

Statsforvaltaren rår alle kommunar til å etablere kommunale beredskapsråd og nytte desse aktivt.

Kommunane har ansvar for å samordne arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på lokal nivå. Kommunale beredskapsråd gjev eit forum for å utveksle informasjon, drøfte og samordne beredskapsarbeidet i kommunen. Lokale beredskapsaktørar frå politi, forsvar, helse, sivilforsvar, kraftforsyning, samferdselsaktørar, frivillige organisasjonar og større verksemdar kan vere naturlege å invitere inn i eit slik råd.



Foto: Ringnes / Forsvaret



Velkommen på kurs i totalberedskap!

Vi anbefalar alle leiarar i kommunane til å delta på kurs i totalberedskap. Kurset gir oppdatert situasjonsforståing. Arrangør er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i samarbeid med HV-11 og Møre og Romsdal politidistrikt.



Aktuelle tema for kommunane

DIGITALT

**Korte
infofilmer på
4-7 minutt!**

UTVALDE FAGMODULAR

- Fagmodular med digitalt opplæringsmateriell
- Ein kombinasjon av korte filmar og innspelte innlegg
- Kommunane vel når og korleis dei vil gjennomføre opplæringa

PLAN

- Fem gode grunnar for planlegging
- Korleis lukkast med planlegging
- Kommunal planstrategi
- Politikarane sitt handlingsrom etter plan- og bygningslova
- Utfordringsbilete
- Realistisk planlegging
- Plansystemet
- Barn og unge i planlegging
- Medverknad
- Arealstrategiar

BEREKRAFT

- Korleis få berekraft inn i planlegginga

Sosial berekraft:

- Folkehelse
- Bustadsosialt arbeid
- Aldersvennlege samfunn
- Ungt utanforskap
- Universell utforming
- By og tettstadutvikling
- Trafikktryggleik

Miljømessig berekraft:

- Klimaomstilling
- Klimabudsjett
- Natur
- Naturmangfaldlova
- Strandsone
- Jordvern
- Kulturmiljø
- Vassforvaltning
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Kraftplanlegging

KOMMUNEØKONOMI

- Innføring i kommuneøkonomi
- Kommuneøkonomi og planarbeid

FORVALTNINGSRETT

- Habilitet
- Lovlege vedtak

Sjå filmane her:

Sjå filmane her:



[www.statsforvalteren.no/
planleggingforpolitikarar](http://www.statsforvalteren.no/planleggingforpolitikarar)